

# Saksprotokoll

**Utvalg:** Forvaltningsutvalet  
**Møtedato:** 07.06.2018  
**Sak:** 28/18

**Arkivsak:** 17/1439  
**Tittel:** Saksprotokoll - 1. handsaming. Detaljreguleringsplan gbnr. 85/8 m.fl.Hagastrondi på Fimreite - Fritidsbustader

## Handsaming:

Einar Vatlestad (H) opplyste at han er søskenbarn til tiltakshavar og bad om å få vurdert sin habilitet. Utvalet fann Vatlestad habil.

Einar Vatlestad (H) bad om gruppemøte.

Liv S. Bøyum (Ap) la fram følgjande framlegg om endring i høve tilrådinga:

Første strekpunkt vert endra til:

*«Før utlegging skal det lagast betre illustrasjonar over fjern- og nærverknaden av den planlagde utbygginga.»*

Ingen oppretthaldt tilrådinga på dette punktet.

Etter dette vart tilrådinga samrøystes vedteken.

## Vedtak:

Forvaltningsutvalet legg detaljreguleringsplan for gbnr. 85/8, m.fl. på Hagastrondi på Fimreite - Fritidsbustader, sist revidert 24.5.18, ut til offentlig ettersyn og høyring, jamfør plan- og bygningslova § 12-10, med følgjande endringar:

- Før utlegging skal det lagast betre illustrasjonar over fjern- og nærverknaden av den planlagde utbygginga.
- Føresegn 6.2 om tilrettelegging for aktivitet i felt LL2 og LL3 vert teke ut.
- Parkering skal samlast til ein felles parkeringsplass.
- Føresegn 4.1 bokstav e) om etasjetal og loft vert teke ut.
- Felt LL4 vert endra frå landbruk til naturområde.
- Maksimal storleik for fritidsbustad i felt BF3 skal vere 80 m2.
- Maksimal breidde på fritidsbustad i felt BF2 og BF3 skal vere 6 m.
- Takvinkel skal vere mellom 25 og 33 grader.
- Det er ikkje tillata med flate tak.
- Farge- og materialbruk må presiserast i føresegnene.
- Skredsikringsvoll skal tilplantast med stadegen vegetasjon.

Før planen kan vedtakast skal det ligge føre skriftleg vurdering av innhaldet i planframlegget sin konsekvens for naturmangfaldet i strandsona. Vurdering skal vere utført av fagkyndig.